

Implementering av ny rammeplan barnehageåret 2017/2018

Natås barnehage har dette barnehage nytta alle planleggingsdagar til å gjennomføre DUÅ-kurs for alle tilsette. Difor har ein måtte gjere noko prioriteringar i forhold til implementering av ny rammeplan.

Personalet har i arbeid med årsplan for 2017/2018 gjort seg kjent med fagområda i den nye rammeplan for barnehage.

Elles har barnehagen valt å arbeide med ny rammeplan på denne måten:

- Alle i personalet har fått utdelt eit eige eksemplar til bruk i eigen plantid
- Informasjon på personalmøte om kva som i hovudtrekk er nytt.
- Nytt den nye rammeplanen i planlegging og vurdering i fellesskap.
- Kjøpt inn nettbrett og fått i gang datakurs for personalet for å imøtekome auka fokus på digital praksis i barnehagen. Skape like forutsetningar for alle barn.
- Skape gode matvaner for barna. Oppretthalde fokus på sunn mat. Lage varm mat ute på tur, saman med barna. Oppfordre barna til å smake på nye matsortar.

Barnehageåret 2018/2019

Natås barnehage sine fokusområde dette barnehageåret vert språk (startar med språkløyper i aug), implementering av DUÅ og friluftsliv. Heile personalet er med på gruppearbeid rundt årsplanarbeidet på planleggingsdagen i august 2018.

Pedagogane jobbar/ nyttar ny rammeplan jamleg i planlegging og evaluering av det pedagogiske arbeidet.

Kristin Bredholt